



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president
Ekspedisjonskontoret
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

14/4634

26.11.2014

**Spørsmål til skriftlig svar nr. 258 frå stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen –
Oversikt over sysselsetting etter landbakgrunn mv.**

Stortingsrepresentant Per Olaf Lundteigen har stilt følgende spørsmål til skriftlig svar:

”Kan statsråden leggja fram oversikt over sysselsetting (i pst. av gruppe) for personar i alderen 15-74 år registrert med minst 30 timar arbeidstid per veke for i) reg. busette i Norge, ii) folkesetnaden eks. innvandrarak og norskfødde, iii) innvandrarak frå Norden, iv) innvandrarak frå Vest-Europa utanom Norden og Tyrkia, v) innvandrarak frå EU-land i Aust-Europa, vii) innvandrarak frå Nord-Amerika og Oseania, viii) innvandrarak frå Asia,ix) innvandrarak frå Afrika og: x) innvandrarak frå Sør- og Mellom-Amerika?”

Svar:

I Noreg har vi godt utbygd arbeidsmarknadsstatistikk. Det er likevel nokre avgrensingar som ligg i den offisielle statistikken: Vi må halde oss til dei gitte definisjonane og vi må halde oss til eksisterande variablar. *Registerbasert sysselsetjing blant innvandrarak* viser sysselsetjingsprosentar etter blant anna landbakgrunn, kjønn, aldersgrupper og butid for perioden 2008 – 2013.

Sysselsetjingsprosentane for alle sysselsette er vist i tabell 1. Vi ser at sysselsetjinga blant innvandrarak i gjennomsnitt er lågare enn i befolkninga elles. (Med *befolkninga elles* er meint busette eksklusive dei med innvandrarakbakgrunn.) Men sysselsetjinga blant innvandrarak varierer med landbakgrunn. Blant innvandrarak frå geografisk nærliggande land er sysselsetjinga høg, blant innvandrarak frå geografisk meir fjerntliggande land er sysselsetjinga låg. Gjennomsnittsalderen blant innvandrarak er lågare enn i befolkninga elles. Når vi korrigerer for dette, får vi at sysselsetjinga er lågare blant alle landgrupper av innvandrarak; noko lågare blant *vestlege innvandrarak* og mykje lågare blant innvandrarak frå land i *Afrika*,

Asia mv. Forskjellen mellom kjønnene når det gjelder sysselsetjing er større blant innvandrere enn i befolkninga elles.

Tabell 1: Sysselsetjing etter landbakgrunn

15 – 74 år. Prosent av befolkninga. 2013.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

	<i>Begge kjønn</i>	<i>Menn</i>	<i>Kvinner</i>
Hele befolkninga	68,6	71,4	65,6
Befolkninga eksklusive innvandrere	69,5	72,1	66,9
Innvandrere i alt	63,1	67,9	57,7
Norden	76,3	78,1	74,4
Vest-Europa utenom Norden og Tyrkia	70,7	74,8	64,9
EU-land i Øst-Europa	72,9	76,4	66,9
Øst-Europa utenfor EU	62,8	65,3	61,0
Nord-Amerika og Oseania	66,0	72,4	59,2
Asia	55,2	60,9	50,4
Afrika	41,9	45,9	37,1
Sør- og Mellom-Amerika	63,1	68,7	59,1

Representanten ber om sysselsetjing fordelt på *eittårige aldersgrupper* og på *deltids- og fulltidsarbeidande*. Vi har vore i kontakt med Statistisk sentralbyrå. Slik statistikk finst ikkje lett tilgjengeleg, og må eventuelt bestillast frå Statistisk sentralbyrå.

Med helsing

Robert Eriksson